

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Fonna HF
DATO: 12.11.21
SAKSHANDSAMAR: Leif Terje Alvestad
SAKA GJELD: **Investeringsbudsjett for Helse Fonna HF - 2022**

STYRESAK: **86/21**

STYREMØTE: **26.11.21**

0 vedlegg

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret vedtek investeringsbudsjett for Helse Fonna HF for 2022
2. Administrerende direktør får fullmakt til å gjere naudsynte endringar om rammevilkåra frå Helse Vest RHF blir endra
3. Styret gjev administrerende direktør fullmakt til å gjere justeringar og endringar innanfor ramma av det vedtekne investeringsbudsjettet

Innleiing

Helse Fonna investerer årleg i bygg, tekniske anlegg, medisinsk teknisk utstyr, IKT, køyretøy og anna utstyr. Midlane til investeringar skal sikre at bygg og tekniske anlegg i føretaket er forsvarlege og i tråd med myndigheitskrav og at føretaket har naudsynt medisinsk teknisk utstyr som sikrar god pasientbehandling.

Finansieringsgrunnlag

Beløp i heile tusen kroner	2021	2022
Resultat til styrking av finansieringsgrunnlaget	-10 000	-20 000
+ Avskrivning/nedskrivning	142 359	170 969
= Kontantstrøm fra driften	132 359	150 969
- Resultatavvik fjoråret, ekskl. nedskrivninger	100 292	
+ Opptak av nye lån	615 670	100 000
- Avdrag lån	-15 085	-56 361
- Tilførsel av likviditet til Helse Vest IKT	-10 959	-26 434
+ Salg av anleggsmidler	0	0
+ Gaver	0	0
+/- Overføring av likviditet fra i fjor	48 907	320 268
+/- annet		0
Finansieringsgrunnlag investeringar	871 184	488 442

Beløp i heile tusen kroner	2021	2022
ByggHgsd2020 (Byggetrinn 1) inkl energisentral	469 610	291 000
Reserve og margin Byggetrinn 1	-30 600	
Byggetrinn 2		124 491
Bygg	39 006	30 000
Medisinteknisk utstyr	62 300	30 000
Anna	10 600	10 000
Investeringsprosjekt overført fra i fjor	0	0
Sum investeringar	550 916	485 491

Overføring av "rest-likviditet" til året etter	320 268	2 951
--	---------	-------

Administrerande direktør ventar at finansieringsgrunnlaget til investeringar for 2022 vil bli på 488 millionar kroner, inkludert låneopptak på 100 millionar kroner og ei venta overføring av likviditet til investeringar frå 2021 på 320 millionar. Låneopptaket i 2022 knyter seg til varsla vedtak om lån til Helse Fonna i forslag til statsbudsjett for 2022. Omfanget av låneopptak det enkelte år vil bli tilpassa den faktiske framdrifta i investeringane, slik at omsynet til føretakets likviditet vert ivaretatt og at rentekostnadane vert så låge som mogeleg.

Med eit investeringsbudsjett på 485 millionar kroner, inkludert 415 millionar kroner til ByggHgsd2020 (Byggetrinn 1 og 2), planlegg føretaket å bruke om lag 3 millionar kroner mindre enn det er finansieringsgrunnlag til i 2022. I ein situasjon med strammare likviditet og ein ambisiøs investeringsplan i økonomisk langtidsplan dei kommande åra er det naudsynt å halde seg innanfor finansieringsgrunnlaget.

Resultatprognosen for 2021 er 44 millionar kroner lågare enn budsjettert resultatkrav. Dette gjer føretaket mindre handlingsrom framover, men førebels har dette ikkje ført til konkrete endringar i investeringsbudsjettet. Investeringsane i bygg/vedlikehald, medisinteknisk utstyr og anna ligg på eit stabilt nivå både for 2022 og dei komande åra, men med negative avvik i føretakets driftsresultat framover kan reduserte investeringar bli ein naudsynt konsekvens.

Investering ByggHgsd2020 i 2021-kroner

Beløp i heile tusen kroner	Totalt				Totalt pr 2022
	ByggHgsd20	Pr 2020	2021	2022	
Investering inkl. rehab. energisentral	2 083 814	1 323 004	469 610	291 200	2 083 814
Bruk av lån	1 444 670	829 000	615 670	0	1 444 670
Bruk av finansieringsgrunnlag(30% egenfinansiering)	619 144	494 004	-146 060	291 200	639 144
Opptent ikkje brukt finansieringsgrunnlag - føretaksnivå					2 951
Opptent finansieringsgrunnlag både brukt/ubrukt					642 095

Investering Byggetrinn 2 i 2021-kroner

Beløp i heile tusen kroner	Totalt		Totalt pr 2022
	Byggetrinn 2	2022	
Investering	998 000	124 491	124 491
Bruk av lån	722 000	100 000	100 000
Bruk av finansieringsgrunnlag(30% egenfinansiering)	276 000	24 491	24 491
Opptent ikkje brukt finansieringsgrunnlag			0
Opptent finansieringsgrunnlag både brukt/ubrukt			24 491

Nybygget under ByggHgsd2020 – Byggetrinn 1 blei tatt i bruk i september 2021. Resten av byggetrinn 1 omfattar diverse ombygging av eksisterande bygningsmasse og vil halde fram i 2022 med ei total kostnadsramme på om lag 470 millionar kroner. Når dette er gjennomført i løpet av 2022 vil heile byggetrinn 1 være fullfør innanfor ei total kostnadsramme på 2,084 milliardar i samsvar med budsjett. Den 1. januar 2022 vil byggelånet bli omgjort til eit langsiktig lån med nedbetaling over 35 år. Renter vil frå dette tidspunktet bli bokført som finanskostnadar i resultatrekneskapen.

Byggetrinn 2 skal starte opp i 2022 med nokre allereie planlagde delprosjekt samt fullføre forprosjekt og hente inn anbod for det nye bygget. Administrerande direktør inviterer i samband med dette alle aktuelle partar, både leiarar, brukarrepresentantar, fagmiljø, tillitsvalde og verneombod til å delta i ein brei prosess under planarbeidet med nytt bygg. Venta byggstart er i 2023. Budsjettet for investeringa i byggetrinn 2 i 2022 er basert på foreløpige anslag.

Investeringsplan

Planlagt investering, eksklusiv ByggHgsd2022	Antatt budsjett
--	-----------------

Investeringar i bygg	
Reinvestering i bygningar inklusiv ombyggingar for MTU installasjonar	8,10 mill
<i>Sum investeringar i bygg</i>	<i>8,10 mill</i>
Investeringar i tekniske anlegg	
Investeringar – mindre bygningsteknisk ombygging – tilbygg sentrallager	2,50 mill
<i>Sum investeringar – mindre bygningsteknisk ombygging</i>	<i>2,50 mill</i>
Investeringar i tekniske anlegg	
Reinvestering i tekniske anlegg	8,60 mill
Prosjektpersonell	1,00 mill
<i>Sum investeringar i tekniske anlegg</i>	<i>9,60 mill</i>
Investeringar – ombygging MTU utstyr	
Ombygging for ny CT Stord sjukehus	3,00 mill
<i>Sum investeringar ombygging MTU utstyr</i>	<i>3,00 mill</i>
Medisinsk teknisk utstyr (fordelinga mellom postane kan endrast)	
Enkeltinnkjøp over 5 millionar kroner Det er planlagt nyinvestering i CT til Stord Sjukehus for 2022.	13 mill
Nyinvesteringar: Enkeltinnkjøp mellom 1 til 2 MNOK	6 mill
Reinvesteringar: Reinvestering teknisk slitasje/foreldret metodikk/teknikk	11 mill
<i>Sum medisinsk teknisk utstyr</i>	<i>30 mill</i>
Andre investeringar	
Ambulansar	6,00 mill
Legebil	1,40 mill
Administrative kjøretøy	2,60 mill
IKT- sjuke signalanlegg-kabling	0,50 mill
Anna utstyr	6,30 mill
<i>Sum andre investeringar</i>	<i>16,80 mill</i>
SUM investeringar 2022, eksklusiv ByggHgsd2020	70,00 mill

Bygg og anlegg:

Reinvestering i bygningar og tekniske anlegg

Helse Vest RHF har gjennom styringsdokumentet sett krav om at føretaket skal utarbeida ein plan for forbetring av minimumstilstand for bygningane. I juni 2013 i sak 59/13 A blei føretakets plan for å nå minimumsstandard for føretakets bygningsmasse godkjend av styret i Helse Fonna HF.

Planen som er utarbeidd inneheld ein strategi for vedlikehald av bygningsmassen og er basert på at følgjande tiltak blir gjennomført:

- 1) Sanering og avhending
- 2) Arealutvikling og nybygg
- 3) Investeringsbudsjett
- 4) Drift- og vedlikehaldsbudsjett

I budsjettet har ein prioritert midlar til rehabilitering av eksisterande bygg og tekniske anlegg som er ferdig avskrive i regnskapet (teknisk forelda). Prioriteringa er i samsvar med strategien om å redusere vedlikehaldsetterslepet og forbetra samla tilstandsgrad.

Reinvesteringar i bygningar

Prosjekt ByggHgsd2020 påbyrja hausten 2021 arbeidet med å byggja om i eksisterande lokal ved Haugesund sjukehus. I gjennomføringa av prosjektet vil ein måtte pårekna at det blir avdekka behov for å gjennomføre fleire endringar og tillegg. Dette vil kunne gjelde utskifting av gamle røyr, ventilasjonskanalar, kablar, tekniske anlegg mm. Dette vil være forhold som ikkje inngår i omfanget til ByggHgsd2020 men som det vil være hensiktsmessig å gjennomføre når vegger og tak er fjerna/rivne. Det er i investeringsbudsjettet for 2022 tatt høgde for å gjennomføre dei endringane/tillegga som blir aktuelle.

Føretaket har gjennom fleire år rehabilitert leilegheiter i Vinjesgt 12 og 14. Det er fortsatt omkring 15 leilegheiter som står att, og det er avsett midlar til å rehabilitere fleire av desse i 2022.

Det er også sett av midlar til å fortsetje arbeidet med å rehabilitere leilegheiter/hyblar ved Stord sjukehus.

I 2007/2008 kjøpte føretaket Vinjesgt 10 – som sidan har litt omtalt som HR huset. På kjøps-tidspunktet var det avklart at bygget hadde visse behov for rehabilitering. Dette har det ikkje vore rom for å prioritere og behovet for rehabilitering av bygget er stort. Arbeidet vil måtte gå over fleire år og det er satt av midlar i budsjettet til å starte på dette i 2022.

Prosjekt ByggHgsd2020 var ansvarlig for ombygging av eksisterande sentrallager ved Haugesund sjukehus. Prosjektet etablerte også ein rampe/fundament i tilknytning til sentrallageret, men det ble ikkje etablert noko overbygg på fundamentet. I budsjettet for 2022 er det avsett midlar til å etablere overbygget slik at lokala til sentrallageret blir ferdigstilt som opphoveleg planlagt.

MTU ombyggingar

Det er avsett midlar til å gjennomføre bygningsmessige tilpassingar i samband med utskifting av CT apparat på Stord.

Helse miljø og sikkerheit

I budsjettet er det avsett midlar for å kunne gjennomføre dei høgast prioriterte tiltaka som kjem fram i føretakets overordna HMS handlingsplan.

Tekniske anlegg

Eksisterande seng og madrass autoklave ved Haugesund sjukehus har havareert og det ble i investeringsbudsjettet for 2021 avsett 7,5 MNOK til ny autoklave. Det er gjennomført ein forstudie kor kalkylen for ny autoklave inklusiv naudsynte ombyggingar for vvs, elektro og bygg er sett til mellom kr 10 – 11 mill. I investeringsbudsjettet for 2022 er det difor avsett ytterlegare 3 MNOK til tiltaket.

Budsjettet inneheld også rom for utskifting av fleire mindre tekniske anlegg ved dei respektive sjukehusa. Utskiftingane er nødvendige som følgje av at den tekniske levetida på anlegga er nådd og det er vanskelig å skaffe til veie reservedeler til anlegga.

Investeringar i medisinsk teknisk utstyr (MTU)

Det er planlagt å bruke totalt 30 MNOK til investeringar innanfor medisinsk teknisk utstyr i 2022. Dette fordeler seg med om lag 24 MNOK som reinvesteringar og 6 MNOK som nyinvesteringar.

Budsjettet for investering i medisinsk teknisk utstyr for 2022 inneheld eit enkeltprosjekt på meir enn 5 MNOK. Det er planlagt å investere i ny CT til Stord Sjukehus og estimert kostnad er totalt 13 MNOK. Den endelege investeringsprofilen vil kunne endrast innanfor den økonomiske ramma for MTU-investeringa.

Andre investeringar:

Kjøretøy

Det er i 2022 planlagt utskifting av 3 ambulanseskjøretøy og eksisterande legebil. I tillegg er det planlagt utskifting av fleire administrative kjøretøy.

Anna utstyr

Føretaket budsjetter årleg med utskifting av eit tal pasientsenger med tilhøyrande utstyr i Hgsd og Stord. Dette gjeld også for 2022.

Det er avsett midlar til å skifte ut novarande oppvaskmaskin ved Stord sjukehus. Erfaringane synar at det er oppstår mange feil på maskinen som fører til driftsavbrot.

Gevinstar ved investeringane

Dei årlige investeringane i Helse Fonna er i hovudsak erstatning av eksisterande anleggsmiddel og det er difor ikkje lagt inn forventingar til gevinstar på desse prosjekta. For ByggHgsd2020 er det lagt inn gevinstar på 11 millionar kroner i 2022, med ei opptrapping til 25 millionar i 2023. For dei regionale IKT prosjekta er det samla lagt inn ein gevinst på 2,5 millionar kroner i 2022.

Rapportering til styret

Administrerande direktør vil følgje opp framdrifta for prosjekta innan nybygg, bygg, anlegg og resten av investeringane og løypande rapportere status for gjennomførte investeringar til styret i Helse Fonna HF.

Budsjettet er drøfta med dei tillitsvalde 16.11.21 og handsama i arbeidsmiljøutvalet 18.11.21.